



TEATERSJEF: Kari Irene Sødergren ser fram til "Markens Grøde" på Pittergarden. Løa hennar er ei av åtte som Låve Tour stoppar for å spela i denne sesongen.

Neppe stiletthælar i denne teatersalen

Det er lite parkett i låven på Pittergarden. Likevel kjem han til å fungera perfekt som teatersal.

Når Låve Tour kjem til Pittergarden som ein del av kulturprogrammet under VM, er Kari Irene Sødergren involvert både som låveigar og som medlem av kulturkomiten i VM-apparatet.

LÅVEGOLVET SOM SCENE: – Me synest det er kjempegildt å få Låve Tour til Pittergarden. Det var 100 løer som søkte i år. Me var ei av åtte som fekk napp. Å bruka den flotte plassen me bur på, som scene for kulturformidling, er noko me svært gjerne vil. Eg trur dei særprega omgivnadene vil

vera med og forsterka publikum si oppleving av det som blir presentert, seier Kari Irene Sødergren.

Skodespelarane Juni Dahr og Gard B. Eidsvold treng eit låvegolv på 20 gonger ni meter for å kunna spela «Markens grøde». Kari Irene Sødergren kan tilby 20 gonger åtte meter, men det skal halda.

– Publikum skal sitja på tribunar langs langveggane og vil koma veldig tett innpå skodespelarane. Det blir intimt og flott og sitjeplass til 150, seier Sødergren.

UTANOM SESONGEN: Oktober er eigentleg utanom sesongen for Låve Tour, som stiftinga Visjoner står bak.

– Då me kontakta stiftinga i fjor, syntest dei at det høyrdest så spennande ut med VM-arrangementet som ramme for teaterframsyninga, at dei valde å strekja sesongen. Det set me stor pris på. Dette blir første gongen Låve Tour besøker Sørvestlandet. Dei fleste tidlegare oppsetjingane har vore på Austlandet og i nord, seier Kari Irene Sødergren.

TRE KVELDAR: «Markens grøde» skal spelast måndag, tysdag og onsdag kveld i VM-veka. Folk er velkomne inn på tunet på Pitter-

garden ein time før framsyninga begynner. Avhengig av vêret blir det servert forfriskingar anten ute på tunet eller inne i bustadhuset. Tysdagkvelden blir det bare alkoholfritt i glasa. Til denne kvelden har Bjerkreim kommune spandert billettar på dei vel 30 elevane på tiande trinnet.

– Side kjolar, stilet og sjakett er neppe rette antrekket i «teateret» desse kveldane? Korleis må ein kle seg for at komforten skal bli best muleg?

– Me har nyleg isolert låvevegane, men folk bør hugsa på at det er haust, smiler Kari Irene Sødergren.

Tekst og foto: KETH ODLAND

■ LÅVE TOUR

* Prosjekt i regi av Visjoner, stiftinga for teater og film som Juni Dahr oppretta i 1990.

* Starta som ein hyllest til Knut Hamsun i 2005.

* Oppsetjingane av "Markens grøde" i låvar i Nord-Noreg blei ein slik suksess at turneen har halde fram til ei rekkje løer andre plassar i landet.

■ MARKENS GRØDE

* Romanen Knut Hamsun gav ut i 1917 og fekk Nobelprisen i litteratur for i 1920.

* Handlar om Isak Sellanrå, som bryt ny mark i utkanten ein plass i Nord-Noreg, og Inger, som ein dag kjem vandrane over fjellet og blir Isak si kone.

* Isak er ein person som blir styrt av elementære livsbehov. Både han og samlivet med Inger blir sett på prøve når utfordringane tårnar seg opp. Inger har hareskår og er frykteleg redd for at dette skal gå i arv.

* Romanen er blitt kalla Hamsun sin hyllest til naturen.